



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyrekontoret, Ulvik

Dato: 11.11.19

Klokkeslett: 18.00 – 21.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Ingrid Sponheim
Lars Helge Ljone

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Sak 19/19: Referat og meldingar

Sak 20/19: Ervervsløyve snøscooter – Ulvik herad

Sak 21/19: Evaluering – hytteutleige via Inatur

Sak 22/19: Oppsummering/statistikk – reinsjakt, småviltjakt og fiske i Ulvik statsallmenning 2019

Sak 23/19: Økonomi – status pr. 31.10.11

Sak 24/19: Infosaker

- Hytta på Grjotrust
- Fellesfiskekortet
- Økonomisk situasjon i HF
- Priser på villreinløyve

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyrå på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyrå kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 19/19 Referat og meldingar

Saksdokument:

2019.10.01-362.1.Løyve til riving av bygning på gnr. 38/1 – Statnett Grjotrust

2019.10.22-433.1.Remerking og re�arding av stiar i Nordfjella - DNT

2019.10.25-612.3.Invitasjon til haustmøte for Hardangervidda

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok meldingane til orientering

Sak 20/19 Ervervsløyve snøscooter – Ulvik herad

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre hadde denne saka opp til handsaming i sak 10/19. Fjellstyre sendte etter møte bekymringsmelding til Ulvik herad m.t.p. scootertrafikken på Finse og tilgrensande område. Fjellstyre ynskte at Ulvik herad tok kontakt før det vert skriven ut ervervsløyve før neste valperiode. Sakshandsamar i Ulvik herad, Lars Prestiin ynskjer at fjellstyre skal koma med innspel før det vert gjeven løyve før komande valperiode. Nokon av dei som hadde løyve i 2015-2019 er ikkje tilknytt Finse komande periode.

Referat:

Det var for inneverande valperiode 2015-2019 gitt ervervsløyve til 11 personar/firma i Finseområdet. Styret stiller seg spørsmål om det er naudsynt med så mange ervervsløyve i dette området, og ynskjer difor at dette talet vert redusert. Styret påpeikar at det er personar på lista for 2015-2019 som ikkje lenger bur eller har tilknyting til området, og at det difor ikkje er riktig at dei er på lista for inneverande periode. Styret meiner og at privatpersonar tilknytt Finse ved behov for scootertransport kan søkje om enkeltløyve eller nytte næringsdrivande på Finse med ervervsløyve.

Personar som driv med næring bør ha ervervsløyve som i dag.

Det vart og nemnd at fjellstyre kan være høyringsinstans ved tildeling av ervervsløyve i Ulvik herad i dei områda der løyva vert nytta i eller i nærleiken av statsallmenningen.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre gir tilbakemelding til Ulvik herad om innspela som er komen fram, der dei m.a. kjem med tilråding om redusert tal løyve i Finseområdet. Det er og ynskje om at Ulvik herad undersøkjer om det er naudsynt at personar som står på lista for inneverande år og står på lista for neste valperiode 2020/2024 dersom det er søkt om dette.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 21/19 Evaluering – hytteutleige via Inatur**Saksdokument:**

Salsoversikt frå Inatur

Saksutgreiing:

Det vart i møte 12.11.18 vedtatt at Ulvik fjellstyre skulle leige ut Søre Grøndalshytta, Ripsebu og Dyrahola via Inatur. Styret ynskte å «låse» av hyttene under villreinjakta i perioden 19. august – 30. september. Sekretær utforma salssidene og gjorde desse tilgjengeleg på Inatur. Deretter vart sidene i.h.h.t. vedtak «låst» for utleige mellom 19. august og 30 september.

Miljødirektoratet sendte 30.04.19 høyring på endring av jakttid for villrein i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde for 2019 og 2020 med framlegg om jaktstart 1. august for Nordfjella og 10. august for Hardangervidda. Bakgrunn for søknad er m.a. Mattilsynet og Veterinærinstituttet sitt ynskje om mange CWD prøvar for å få friskmeldt villreinstammene i Nordfjella og Hardangervidda. Det vart seinare vedtatt jaktstart 1. august for Nordfjella samt Hardangervidda nord for RV 7 og 10. august for Hardangervidda sør for RV 7.

På bakgrunn av tidlegare oppstart for jakt på villrein kom fjellstyre i ein uheldig situasjon der fleire av hyttene var booka i perioden 1. august – 19. august. Dette vart gjort før vedtak om tidlegare jaktstart for villrein. Sekretær gjekk straks etter vedtak inn å «låste» kalenderen mellom 1. august og 19. august men da var allereie fleire av dagane booka.

Det har kome inn meldingar frå bygdafolk om hyttene ikkje er tilgjengeleg når dei ynskjer å leige hyttene som er lagt ut på inatur, og det har oppstått uheldige situasjoner der ein har booka ei hytta som har vist seg å ha vært utleigd. Fjellstyre må finne ei god løysing som fungerer for framtida.

Referat:

Fleire av medlemmen i fjellstyre har i sommar fått tilbakemelding frå innanbygdsbuande at det ikkje var mogleg å leige hyttene på Osafjellet som fjellstyre la ut på Inatur i fjar haust. Hyttene har vore populære og det har vor godt belegg i heile sommar. Hyttene vart tinga av utanbygdsbuarar tidleg på sesongen og har difor stort sett vore opptekne når bygdafolk ynskete å tinge hyttene.

Det var ynskje om at hyttene måtte prioriterast innanbygdsbuande i perioden 15. juli – 31. september. Kalenderen på Inatur må blokkerast for sal via Inatur i denne perioden.

Det har vore ein markant auke i utleige og såleis inntekter for desse hyttene etter at dei vart lagt ut via Inatur. Styret meiner likevel at ei må ta omsyn til innanbygdsbuvarar som ynskjer å leige hyttene å prioriter desse framfor auka hytteinntekter. Utleigeprisane på hyttene på Osafjellet har vore låge i mange år og det var difor ynskje om at desse vart auka. Prisane for innanbygdsbuande vert framleis låge.

Framlegg til vedtak:

Hyttene vert blokkert for sal via Inatur mellom 15. juli – 31. september. Utanfor denne perioden vert hyttene tilgjengeleg for alle. Booking skjer pr. telefon og Stig Røkenes får ansvar for dette. Fjellstyret skaffar seg vipp som vert nytta ved betaling for hytteleige. Forskotsvis betaling. Avbestillingsreglane på Inatur gjeld og for manuell booking. Ordninga vert evaluert hausten 2020.

Utleigeprisar:

- | | |
|----------------------|---|
| - Søre Grøndalshytta | - 800,- pr. døgn, 300,- pr. døgn for innanbygds. |
| - Ripsebu | - 800,- pr. døgn, 300,- pr. døgn for innanbygds. |
| - Dyrahola | - 1.000 pr. døgn, 400,- pr. døgn for innanbygds. |
| - Finsebu | - 1.200,- pr. døgn i vekedagar, 1.500,- pr. døgn i helgedagar.
rabatterte prisar for innanbygds. |

Vedtak:

Samrøystes

Sak 22/19 Oppsummering/statistikk villreinjakt, småviltjakt og fiske i Ulvik statsallmenning 2019

Saksdokument:

Div. statistikk

Saksutgreiing:

Fjellstyre ynskjer å evaluere jakta og fiske for 2019. Det er komen tilbakemeldingar om for därleg informasjon til reinsjegerane. Sekretær har forståing for at det kan ha vore noko missnøye med mangelfull informasjonen til villreinjegerane. Vedtaket som kom om samjakt på tvers av villreinområda på Ulvik Statsallmenning var ikkje heilt enkel å tolke og fleire av villreinjegerane var usikker på kor og når dei kunne jakte og ikkje minst kva dyr dei kunne felle. I tillegg vart det inngått samjaktavtale mellom HA 28 Aurland og Osa privat Hallingskeid på eit tidspunkt da sekretær var på oppsyn.

Referat:

Det var mange småviltjegerar i Finsområdet dei fyrste dagane i jakta, og det kom meldingar bruk av hund med lang-line og om jakting i mellom hyttene i området. Det er ynskje frå fjellstyre om at det vert sett inn enda meir ressursar på småvilttoppsyn i dette området neste år. Sakshandsamar vil og sjå på ordningar for å redusere jakttrykket i dette området dei fyrste dagane i jakta ved å dele allmenningen inn i jaktfelt, samt regulere/begrense kortsalet.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre vil neste år bruke meir ressursar på småvilttoppsyn i Finseområdet, og da spesielt dei fyrste vekene i jakta. Styret tok elles oppsummering og statistikk til orientering

Vedtak:

Samrøystes

Sak 23/19 Økonomi, status pr. 31.10.19**Saksdokument:**

Økonomisk oversikt pr. 31.10.19

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande.

Sak 24/19 Infosaker

- Hytta på Grjotrust (sekretær)
- Fellesfiskekortet (sekretær)
- Priser på villreinløyve (sekretær)
- Økonomisk situasjon i HF (leiar)

Saksdokument:

Villreinprisar – statsallmenningane i Noreg

Fellesfiskekortet – tankar rundt fordeling av inntektene

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande